

Laila Oppedal
Oppedal Indre
6978 Viksdalen

Til Olje og Energidepartementet.

Fråsegn til nasjonal ramme for vindkraft

Områda i Gaular, Høyanger, Fjaler og Hyllestad må takast ut av nasjonale ramme for vindkraft

Underteikna er busett på Oppedal i Viksdalen. Eg var fødd her i 1952, og i 1982 flytta eg tilbake til garden der eg var oppvaksen, saman med mann og born. Her har vore ein god stad å bu, og for borna å vekse opp. Vi har hatt glede av at neste generasjon også har busett seg her. Sonen min som bur her, sa det slik: «Eg ynskjer at borna mine skal ha like god oppvekst som eg har hatt.»

Viktige kjenneteikn ved å bu her er aktivitetar knytte til natur og miljø. Her er eit aktivt landbruk, skogbruk, jakt, fiske, støls- og fjellvandring, no om hausten er det bærplukking, sauesanking og hjortejakt. Dette er aktivitetar som også innbyr til samarbeid mellom generasjonar, naboar og bygdefolk elles.

I tilknytning til at Gaularvassdraget er varig verna, har vi fått Nasjonal Turistveg gjennom Viksdalen. Her er bygd opp arbeidsplassar innan reiseliv, som er til nytte og glede både for tilreisande og bygdefolk.

Eg er overtydd om at det vert lite attraktivt å bu her for neste generasjon om bygging av vindkraft slik vi er blitt kjende med, vert ein realitet. Vindturbinar tek livet av innsekt og fuglar, som er ein del av naturmangfaldet, andre uheldige forhold er skuggekast, lyd og iskasting. Etter kvart vil øydelagde master og rotorblad skjemme landskapet. Inntekter til grunneigarar og kommunen veg ikkje på nokon måte opp for tapa av naturmangfald og naturoppleving. Det er til lite nytte for natur- og miljø at ein gjennomfører desse utbyggingane for å redusere bruk av fossilt brensel, når ein skaper nye øydeleggingar av miljøet.

Fjella og naturen er det felles livsgrunnlaget vårt. Utbygging av vindkraft i det omfang vi etter kvart er blitt kjende med, er ikkje kun ei sak som vedkjem enkeltgrunneigarar. Det vedkjem heile samfunnet og framtidige generasjonar. Minner om fjellvettregelen: «Det er inga skam å snu».

Difor: ta planen for utbygging i Sunnfjord og Sogn, ut av nasjonal plan for utbygging av vindkraft.

Viksdalen 25.09.2019

Laila Oppedal